

REFERAT FRÅ FAU-MØTE
Sviland Skule 20.mai-2019

Til stade: Inga, Heidi, Siri, Gezien, Thomas, Siril, Trond

Rektor har ei liste med Fau-representantane som er valgt til neste år.

Kommentar: Siri står ennå på denne lista. Ho har berre sagt ja til inneverande år. Monica Belgen Bertelsen har sagt ja til å vera leiar.

Det er laga skriftlege rutinar for arrangement arrangert av Fau slik som karneval, popcorn-party etc. Gjekk gjennom litt av desse.

Søknad frå skulen om støtte til kantinedrift neste år. Bra tiltak både ernæringsmessig og sosialt. Men FAU må tenkja litt kva dei vil investera pengar i.

Pengar til buss slik at elevane kjem seg ut på ekskursjonar har vore veldig prioritert. Årets FAU oppfordrar neste års FAU om å støtta ekskursjonar vidare.

Skulen brukar ca 4000 kr i månaden på kantine-maten. FAU vil i første omgang prioritera å støtta med 10.000 kr for hausthalvåret. Neste års FAU vurderer om det er pengar til å gi meir etter nyttår.

Forslag frå Siri om å selja kaffi og vafler på valgdagen for å få inn pengar til FAU. Siri tek den vidare.

Nettside til FAU. Foreldre bør få melding om når det er lagt ut noko nytt på FAU for at det vert lest. Trond og Ørjan har litt tråden i dette.

Forslag om at det vert oppretta eigen mail til FAU-leiar og Kasserar. Då sikrar ein at gamal info ikkje går tapt ved skifte av verv osv.

Det er sett 16-18? gamle bord inn i kjellaren på gamle Sviland Samfunnshus (sport4you).

Desse kan stå her gratis. Det er ikkje plass til dei på skulen. FAU kjøper desse for 3500 kr frå Noredalen Bygdahus. Borda kan lånast av organisasjonar i bygda som idrettslaget, 4H, etc.

Men me må ha ein materialforvalter som kvitterer desse borda ut og inn slik at dei ikkje forsvinn. Dei bør også bet. Eit depositum før lånet. Forslag om at private må betala ein sum for å leia borda. Sjekka kva pris som er vanleg. 50 kr stk?

Det er gang på 7.klassefesten den 13.juni og rutinar er lagt for dette.

17.mai gjekk stort sett veldig bra. God stemning.

Ref. Heidi V. Sinnes